



Barnehageplan for Masfjordbarnehagane for 2010 – 2013

Vedteken i Masfjorden kommunestyre den 24.02.2011

Postadr.:
5981 MASFJORDNES

Telefon:
56 16 62 00
E-post: post@masfjorden.kommune.no

Telefaks:
56 16 62 01

Bankgiro:
3635.07.01405

Organisasjonsnr.:
945627913

Barnehageplan for Masfjordbarnehagane for 2010 - 2013

Vedteken i Masfjorden kommunestyre den 24.02.2011

Hovudmål: Barnehagane i Masfjorden er pedagogiske verksemder der borna gjennom leik, opplevingar og samspel med andre skal få utfordringar som passar for den einskilde fysiske, motoriske og mentalt, få oppleva meistring i samsvar med alder og utvikling og få hjelp til å bli trygge på seg sjølve og omgivnadene. Gjennom tverrfagleg, tverretatleg samarbeid, gjennom observasjon og god dialog med føresette, skal barnehagen sikra at alle born også er best mogleg rusta til å begynna på skulen ved oppnådd skulealder.

Satsingsområde:

- **God læring og utvikling hjå alle born**
 - **Mål: Styrka borns sjølvkjensle som grunnlag for deira utvikling**
 - **Metodar me nyttar for å nå målet:**
 - Tydelege vaksne
 - Legga vekt på å få til eit godt samarbeid med foreldra
 - Systematisk observasjon av borna i ulike situasjonar
 - Fortsetje samarbeidet med Kjell Stien – rettleiar frå PPT på barns åtferd/foreldrerådgeving
 - Fokus på kva som gjer born trygge
 - Dei gode beskjedane i barnehagen
 - Systematiske skriftlege observasjonar av kvarandre i kvardagen
 - Stilla spørsmål til praksis hjå den einskilde medarbeidar for å læra av kvarandre og på denne måten skapa personleg utvikling
 - Ha tilstrekkelig med pedagogisk læremiddel for å imøtekomma alle barns behov.

- **Uteliv**

- **Mål: La borna få oppleve meistring, glede og få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider. Bruka naturen som utgangspunkt for arbeid med fagområda og for å styrka barna si fysiske og motoriske utvikling.**
- **Metodar me nyttar for å nå målet:**
 - Velga tema utifrå lokale tilhøve og gjera lokale tilpasningar
 - Laga årshjul på valt tema. Nokre avdelingar prøver dette ut frå hausten 2010, alle avdelingane frå hausten 2011.
 - Planlegga korleis me naturleg kan komma innom ulike fagområde når me er ute.
 - Stimulera borna til å bli nysgjerrige og interesserte i å læra
 - Dei eldste borna i barnehagen har samarbeid med dei yngste elevane på skulen på dette området.
 - Utnytta menneskelege ressursar i foreldregruppa og nærmiljøet for å gje borna gode opplevingar knytt til satsingsområdet.

- **Språkstimulering**

- **Mål: Barnehagen skal syte for at alle born får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og følelsar.**
- **Metodar me nyttar for å nå målet :**
 - Systematisk arbeid med språkleg medvit

- **Ein barnehage med plass for alle og rom for kvar einskild**

- **Mål: Å gje eit mest mogeleg likeverdige tilbod til alle barnehageborna i Masfjorden kommune.**
- **Metodar me nyttar for å nå målet:**
 - Barnehagane har felles satsingsområde
 - Det er utarbeida felles mal for årsplan
 - Samarbeid på alle plan mellom dei tilsette i barnehagane
 - Me har felles vedtekter
 - Me har felles bemanningsnorm
 - Me har lik mal for planlegging av aktivitetar
 - Planar for vedlikehald og opprustning av fysisk miljø i barnehagane
 - Me har styrarar som samarbeider
 - Kvar einskild barnehage tilpassar innhaldet i barnehagekvardagen utifrå lokale tilhøve.

- **Samarbeid med skulen**
 - **Mål: Sikre ein god overgang til skulen og best mogleg kontinuitet og samanheng i opplæringsmiljøet til borna.**
 - **Metodar vi nyttar for å nå målet:**
 - Å førebu overgangen mellom barnehage og skule i god tid
 - Kwart oppvekstområde lagar eigen årsplan for samarbeidet kvart år. Denne årsplanen skal omfatta arbeid med sosial, motorisk og fagleg utvikling.
 - Faste samarbeidsmøte mellom barnehage og skule ein time i veka
 - Me har utarbeida opplegg for overgang barnehage - skule i alle oppvekstområda. Desse opplegga omfattar overgangssamtalar, fadderordning, hospitering av 1. klasselærar og førskuledagar.
 - Sikra at skulen har eit best mogeleg grunnlag for å møta kvart einskilt barn der det er når det tek til på skulen.

Progresjonsplanar for fagområda

I planperioden utarbeider me progresjonsplanar for dei ulike fagområda:

2010 - 2011: Natur, miljø og teknikk Kropp, rørsle og helse	- Nordbygda og Sandnes barnehagar - Indre Masfjorden barnehage
2011 – 2012: Tal, rom og form Religion, etikk og filosofi Nærmiljø og samfunn	- Nordbygda barnehage - Indre Masfjorden barnehage - Sandnes barnehage
2012 – 2013: Kunst, kultur og kreativitet Språk, tekst og kommunikasjon	- Nordbygda og Sandnes barnehagar - Indre Masfjorden barnehage

TEMA PÅ PEDAGOGISKE LEIARSAMLINGAR I 3-ÅRSPERIODEN:

- Progresjonsplanar med utgangspunkt i Rammeplan for barnehagar
- Erfaringsutvekslingar
- Evaluering/dokumentasjon
